

Kim Larsen & Kjukken

21. august 2015 · Florø



kim

Frå arkivet

Vi hedrer nordens største rockehelt! RIP

KIM LARSEN & KJUKKEN med konsert i Florø, kanskje den største skandinaviske rockelegenda gjennom tidene, held konsert i Florø (og Sogn og Fjordane) for første gong!

Fredag 21 august er datoen musikkelskarar berre MÅ sette av til konsertopplevinga.

Kim Larsen er "Norges mest populære danske", og vi ventar storinnrykk av folk frå kyst, dal og fjord til kystbyens gater. At det i tillegg er smaksfestivalen Godt i Gapet laurdagen, gjer både konserten og Florø ekstra attraktiv denne augusthelga.

Både som frontfigur i bandet Gasolin og som soloartist, har Kim Larsen i over 40 år vore ein populær og høypprofilert artist. I sitt søttiande år er rockeveteranen still going strong. Med sitt glimrande band, Kim Larsen & Kjukken, turnerer han framleis – alltid med fulle hus og glimrande kritikkar. Det er Florø Rockeklubb og HippHipp Flora som i samarbeid hentar rockelegenda til Florø. Konsertstad er midt i sjølv hjartet av Florø; Trovikkaia, Trovikbakken og Rådhusplassen! Intimt, sjarmerande, salt sjø - og ein breiflabb av ein danske!

{youtube}ocQW7O0Awa0{/youtube}

Kem e Kim? Kim Melius Flyvholm Larsen bur i Odense på Fyn, men er opprinneleg københavnar. Han blei fødd i 1945 som den yngste av to brør, og som 12-åring byrja han å spele piano, etter mora sitt ønske. To år seinare skjedde det som skulle endre livet hans. Han fekk sin første gitar og oppdaga samtidig artistar som Elvis Presley, Little Richard og Chuck Berry. Det var som lærarstudent på Amager i 1968 at han kom i kontakt med likesinna, og bandet Gasolin' blei grunnlagt. Den melodiose rocken treffe danskane som eit knyttneveslag med debutplata i 1971, og bandet heldt det gåande fram til 1978. Mange reknar framleis Gasolin' som det største Kim Larsen har gjort som artist. Låtar som «This Is My Life» og «Hva Gør Vi Nu, Lille Du» lever framleis, og Gasolin' reknast som det mest innflytelsesrike bandet frå Danmark nokonsinne.

Det er likevel som soloartist Larsen har nådd ut til dei verkeleg store massane. Medan Gasolin' rakk å gje ut ti plater, inkludert liveplater og engelskutgåver mynta på utlandet, har Kim Larsen i lag med Bellamy og med bandet Kjukken gjeve ut over 30 plater. Solokarriera skaut verkeleg fart med plata «Midt Om Natten» i 1983, som gjorde han til allemannseige også i Norge. Plata lågg heile 36 veker samanhengande på VG-lista. I snitt blir faktisk Kim Larsen spelt på ein av NRK sine radiokanalar kvar einaste dag, året gjennom.

Kim Larsen har også prøvd seg som filmskodespelar, manusforfattar og musikal-komponist. I den danske samfunnsdebatten har han også bite frå seg, som ein varm forkjempar av individets rett til å leve livet sitt slik ein ønskjer, med minst mogleg innblanding frå styremaktene si side.

21. august spelar Kim Larsen i Florø.

21. august spelar Kim Larsen i Florø. Men kvar i byen han entrar scena denne kvelden, er Per Øyvind Helle og Per Vidar Ottesen framleis ikkje heilt sikre på.

2015

21. AUGUST

FLORØ

Kommentarar Det har vore omsnakka lenge. Å få den danske legenda Kim Larsen til Florø har vore på fleire lokale konsertarrangørar si ønskeliste i årevis. No er det endeleg eit faktum, og sommars store hending kjem som følge av at to arrangørar slår klutane saman, nemleg Per Øyvind Helles Hippih Hipp Flora og Florø Rockeklubb. – Dette er utruleg moro. Vi snakkar om ein artist som på mange måtar er Skandinavias svar på «The Boss». Kontrakten er i boks, datoen sett og no gjenstår eitt viktig element: Å finne ut av kvar vi skal halde konserten, seier Per Øyvind Helle.

Alternativa finst, men alle har sine plussar og minusar. Florø Idrettssenter ligg der og har vist seg dugande både på Kaizers-konsertar og som MGP-arena. Men det kostar og det er mykje arbeid. Samtidig som ein blir mindre veravhengig, blir det ikkje same fine stemninga som eit flott augustkveld ute kan gje. Då er kanskje Torget eit betre alternativ. – Vi har også vurdert ein scenerigg på Trovikkaia, og bruke Trovikbakken som eit Amfi. Her er det plass til meir publikum enn kva ein kanskje skulle tru ved første augekast, kanskje opp mot 2000. Dette er nok førstevalet vårt akkurat no, seier Per Vidar Ottesen, som likevel ber folk kome med gode innspel til konsertlokalitet. Dei ønskjer også at frivillige lag og organisasjonar som trur dei kan bidra til å gjennomføre den store musikkfesten, om å ta kontakt: – Vi treng hjelp. Her er mykje arbeid som ventar, med alt frå sjauing, førebuing, vakthald og nedrigging. Dette er ein fin sjanse for lokale lag til å tene seg nokre kroner, oppmodar dei to arrangørane.

Andre moglege lokalitetar for konserten er Amfiplassen, der det har vore halde store konsertar før, både på utescene (Åge Aleksandersen) og i telt (DumDum Boys). Det er eit minimum av kva vi må ha inn for at dette skal gå rundt, konstaterer Per Øyvind Helle, som uansett har god tru på at dei skal lokke atskillig fleire ut av godstova denne augustkvelden. – Hugs på at det er aller første gongen Kim Larsen spelar i fylket vårt. No har folk sjansen til å sjå han i Sogn og Fjordane, og det er ikkje sikkert det kjem til å by seg så mange slike sjansar seinare, konstaterer Helle. Men sjølv om hovudpersonen fyller 70 år til hausten, er det ingenting som tyder på at den danske superstjerna har tenkt å senke tempoet. Kim Larsen skal turnere heimlandet i vår og i sommar og han er også booka inn til fleire konsertar i Norge, mellom anna på Hamar i juni.

Florø Rockeklubb har lang tradisjon for å skape trivelege råmer rundt konsertar for artistane. Har de nokre ekstra planar for Kim Larsen? Vi kjem sjølv sagt til å invitere han til Florø dagen før konserten. Har han tid, skal han få seg ein flott båttur i skjergarden vår, og kjenner eg han rett, er han sikkert interessert i å få ei omvisning på Kinn Bryggeri, seier Per Vidar Ottesen.

OM KIM LARSEN & KJUKKEN

Som på siste turné er det bandet Kjukken han spelar i lag med, som han grunnla i 1996 og sidan den gong har gjeve ut 11 plater i lag med.



larsen



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
roceklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Samansett av fleire originale artiklar. Kjelde-ID: 14, 15.